

# Arbeidsinnvandrарar som ressurs i regional utvikling

*Brita Gjerstad*



03 June 2015



# Arbeidsinnvandring



## › Eit tilforlateleg utgangspunkt:

- Innvandraren treng arbeid
- I mange kommunar trengst arbeidskraft
- Norsk offentleg politikk:
  - Alle som bur i Noreg skal delta i samfunnet og ha like rettar og plikter (Meld. St. 6 (2012-2013))
  - «Arbeidsinnvandring er et gode, både for individer og samfunn» St.meld. 18 (2007-2008)
- Arbeidsinnvandring som ein ressurs

## › Men :

- Den offentlege politikken er hovudsakleg retta mot flyktningar og asylsøkjjarar
- Inkluderingsutvalet (NOU 2011:14) påpeikar at ein «(h)elhetlig integreringspolitikk for arbeidsinnvandrere og deres familie er et forsømt område».
- Dårlege butilhøve og arbeidskontraktar (Friberg m. fl. 2011)
- Frykt for eksport av velferdstenester og forvitring av velferdsstaten

# Kva kjenneteiknar møte mellom arbeidsinnvandrarar og norske lokalsamfunn?



- › Arbeidsplassen er ikkje einaste møtestad
- › Andre møtestadar: helse -/ legekontor, legevakt, barnehage, skule, kulturliv ...
- › I våre prosjekt har me konsentrert oss om møtestadar knytt til helse og oppvekst
- › Møte som vilkår for å utnytta den ressursen arbeidsinnvandringa representerer
- › Er møta meningsfulle?

# To prosjekt om arbeidsinnvandring på Vestlandet



## 1. Arbeidsinnvandring til Vestlandet

- Samarbeid mellom Møreforskning, HiSF, UiS, SIK, Vestlandsforskning og IRIS
- Prosjekteigar Vestlandsrådet
- Finansiert av Vestlandsrådet og Regionale Forskingsfond
- Overordna fokus: arbeidsinnvandrara som ressurs

## 2. Par Migration Navigator

- Samarbeid mellom Universitetet i Gdansk, Vitskapsakademiet i Warszawa, UiS, SIK og IRIS
- Finansiert av EØS-midlar avsett til forskning
- Overordna fokus: likestilling og balanse arbeid – familie / fritid

# Datagrunnlag



- › Arbeidsinnvandring i fem kommunar på Vestlandet
- › Intervju med
  - arbeidsinnvandrarar,
  - kommunalt ansatte (i all hovudsak frå helse- og oppvekstsektoren),
  - arbeidsgivarar,
  - representantar fra innvandrerorganisasjonar og andre frivillige organisasjonar

# Korleis forstå møta?



## › Habermas:

- Livsverd: verda forstått og opplevd frå menneska sin ståstad
- Systemverd: marknadsøkonomi og det politisk-administrative forvaltningsapparatet
- Livsverd og systemverd heng saman
- Ulike logikkar og samhandlingsformer
  - Strategisk samhandling
  - Kommunikativ samhandling (integrasjon vha. samtale og utvikling av eit felles perspektiv på verda)

# Språk - eit ikkje-møte



## › I Noreg:

- Berre flyktningar og asylsøklarar, ikkje arbeidsinnvandrarar, har rett på norskopplæring

## › Polske arbeidsinnvandrarar

- Har vanskar med å prioritera norskkurs
- Lærer seg den norsken dei treng på arbeidsplassen

## › Mangel på felles språk hindrar møte

## › Språket sett som instrument inn mot systemverda (gløymer / overser kva det betyr for livsverda)

# Den katolske kyrkja – eit ikkje-møte



## › Polske arbeidsinnvandraranar:

- Den katolske kyrkja står sterkt i Polen
- Store polske kyrkjelydar i Noreg
- Den katolske kyrkja er møtestad for polske arbeidsinnvandraranar (laurdagsskule m.m.)
- Den katolske kyrkja sit med mykje innsikt i innvandarmiljøa
- Mange tilsette i kyrkja er sjølv arbeidsinnvandraranar og bidrar til å oppretthalda myter

## › Norske kommunar har liten kontakt med den katolske kyrkja

- › Den katolske kyrkja representerer eit «ikkje-møte», eit møtestad som ikkje blir brukt
- › Den katolske kyrkja representerer eit stykke importert livsverd



# Barnevernet – eit ufrivilleg møte



## › I Noreg:

- Barneloven fastslår ungar sine rettar og foreldra sine plikter
- Barnevernsloven sikrar ungar hjelp og støtte og pålegg kommunen eit ansvar
- Heller sjølvstendige enn lydige ungar

## › Polske arbeidsinnvandrarakar:

- Har ingen institusjon tilsvarande barnevernet og forstår ikkje kva barnevernet er
- Myter, frykt og uro
- Tradisjon for strengare barneoppdraging, men også gryande sans for delar av norsk oppdraging

## › Eit ufrivilleg møte

## › Norsk systemverd kolonialisierer arbeidsinnvandraren si livsverd

# Jordmortenesta – eit frivilleg møte



## › I Noreg:

- Det er lovfesta at den gravide kan velja kven som skal stå for oppfølginga (jordmor eller lege)
- Jordmødrene er respekterte
- Jordmødre
  - fortel om gode møte
  - tar seg tid
  - påpeikar utfordringar knytt til språk og refusjonsordninga

## › Polske arbeidsinnvandrarar

- Er vane med at legen står for oppfølging av gravide
- Dei som går til jordmor fortel utelukkande om positive møte

## › Eit frivilleg møte

## › Felles livsverd får gjennomslag

# Barnehage – eit pragmatisk møte



## › I Noreg:

- Innhald og organisering av barnehagar styrt av barnehagelova og rammeplan
- Leik utandørs vektlagd
- Barnehagetilsette fortel at dei må bruka mykje tid på å forklara, td. kva for klede ungen treng

## › Polske arbeidsinnvandrara:

- Dukkar opp på kort varsel og manglar informasjon
- Ulik grad av involvering
- Er lite vane med utandørs leik, reglar for mat m.m.
- Får i aukande grad sans for den norske tilnærminga

## › Møtet blir påverka av framtidsplanar (kort- eller langvarig opphald i Noreg)

## › Ulike og usikre framtidsplanar skapar dilemma

## › Tilpassing livsverd - systemverd

# Oppsummering



# Avslutning



- › Arbeidsinnvandrere er heile menneske, ikkje berre arbeidstakarar
- › Møte mellom arbeidsinnvandrere og det norske samfunnet føregår mange stader
- › Gode møte er nødvendige for integrering
- › Det finst møtestader som ikkje blir utnytta
- › Nokre møtestader blir kollisjonspunkt
- › Gode møte skjer der livsverd møtes
- › Det er mangel på møtestader mellom polske arbeidsinnvandrere si livsverd og norsk systemverd knytt til offentlege tenester
  - Mangelfull overordna politikk for arbeidsinnvandrere
  - Manglande kollektive initiativ blant polske arbeidsinnvandrere, kontakt med systemet hovudsakleg avgrensa til å gjelda individuelle behov